

Kommunedelplan for E39 Flatøy Eikefettunnelen

FØRESEGNER

HØYRINGSUTKAST

Nasjonalt arealplanID 1263-201611

Dato / revisjon: sist revidert 24-06-2022

1. Formål

Kommunedelplanen skal fastsette areal for detaljregulering av ny E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen i Alver kommune.

2. Generelle føresegner

2.1. Krav om detaljreguleringsplan (pbl § 11-9 nr. 1)

2.1.1. Innanfor plangrensa skal det utarbeidast detaljreguleringsplan for ny hovudveg, E39, med tilhøyrande veganlegg, riggområder og massedeponi. Dette omfattar også sikringssona til vegtunnelene. Sikringssona har ei utstrekning på 60 meter til kvar side målt frå veglinjen i tunnelvegplanet og 30 meter over og under tunnelvegplanet.

2.2. Rekkefølgekrav (pbl § 11-9 nr. 4)

2.2.1. Tilførsleveg, gang- og sykkelveg, kollektivanlegg og andre funksjonar som inngår i veganlegget skal byggast seinast samtidig med hovudveganlegget, tilpassa eventuell oppdeling av anlegget i trinnvis utbygging.

2.3. Krav om byggegrenser, funksjonskrav mm. pbl § 11-9 nr. 5

2.3.1. Byggegrense for planlagt ny E39 med kryss og tilførsleveg er markert i plankartet som juridisk linje.

Byggegrense er 50 meter målt frå juridisk senterlinje for ny E39.

Byggegrense er samanfallande med formålsgrense pbl. 11-7 nr. 2 når grensa er meir enn 50 meter frå juridisk senterlinje for ny E39.

Byggegrense er markert i plankartet som juridisk linje utanfor formålsgrensa når formålsgrensa er mindre enn 50 meter frå juridisk senterlinje for ny E39.

I kryssområder er byggegrense markert i plankartet med større avstand enn 50 meter.

Innanfor byggegrensa er det ikkje tillate å etablere nye tiltak som er i konflikt med regulering og bygging av ny E39.

3. Føresegner til arealformål (§11-7) og forhold til gjeldende kommuneplaner pbl. § 1-5

3.1. Arealformål for samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 11-7 nr. 2)

Areal merka SE-01 gjeld areal for ny hovudveg (E39) med gang- og sykkelveg og tilhøyrande anlegg.

3.2. Føresegner til arealformål og omsynssoner frå KPA Alver kommune.

For areal etter pbl § 11-7, som ikkje er erstatta av nytt samferdsleformål SE-01, gjeld føresegnene i følgjande arealplanar:

- Kommuneplan for Meland 2015-2026, plan-id 1256-20190001
- Kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen 2019-2031, plan-id 1263-201701
- Kommuneplan for Lindås 2019-2031, plan-id 1263-201805